

Eit spøke går over Noreg

-KRISESPØKELSET



Ved hjelp av Gunnar Berge & Co.
blir det mana fram:

- Konkurranssevna er for svak!
- Produktiviteten er lav!
- Vi tener for mykje...
...og jobbar for lite!
- Vi må skjere ned og spare...
...og det er for få arbeidslause!
- Renta er for lav!
- Omstilling og privatisering må til!
- Vi må stenge den norske grensa for utanlandsk arbeidskraft!
- Og for å vere på den sikre sida må vi tilpasse oss EF's
indre marknad innan 1992!



Men sjå litt nærare på dette krisespøket

Medan butikksentra og store kontorbygg skyt i veret, ventar gamle på trygdebolig og sjukeheimplass, og ungar må bli godt vaksne før dei kan rekne med barnehageplass.

Medan "fattige" Oslo kommune - med Svelland i spissen - sløser bort hundrevis av millionar på diverse byggeskandalar, får fritidsklubbar og skular mindre og mindre pengar.

Medan biltrafikken aukar og miljøet stadig blir meir øydelagt, skrumpar kollektivtilbodet inn og prisane aukar dobbelt så mykje som prisstigninga elles.

Medan Gunnar Berge preikar om dårleg arbeidsmoral, nærmar arbeidsløysa seg 100 000.

Medan lønningane synker og renta helst går andre vegen og det blir snakka om "vårt høge forbruk", så er sanninga at over 1/4 av dette forbruket er investeringar i Nordsjøen. Det private forbrukets andel av "kaka" er mindre enn gjennomsnittet i OECD-landa.

Medan hundrevis av britiske ingeniørar får arbeidsløyve i Nordsjøen, nyttast den rasistiske innvandringspolitikken til å stenge ute folk frå den 3.verda. Utnytting av billig, utanlandsk arbeidskraft gjennom såkalla "internasjonalisering" (t.d. på NIS-registrerte skip) er derimot heilt OK.

Krise ja, men ikkje for "norsk økonomi". Det er krise for vanlege folk som blir skvisa for å tilfredsstille kapitalens krav til omstillingar og auka profitt. Den såkalla "arbeidarparti"-regjeringa stiller seg villig på kapitalens side. NIS og EF-tilpassing (evt. medlemskap) er ein del av denne politikken.

Vi treng nokon til å seie fra,
gjere noko og kanalisere det
opprøret som må komme.

Vi har eit parti -

AKP (m-1)

Vi har ein studentorganisasjon

NOREGS KOMMUNISTISKE STUDENT-
FORBUND (NKS)

Også studentar merker krisa gjennom:

- * Budsjettkutt
- * Omstillingar
- * Dyrare studentboligar
- * Færre barnehageplassar til studentbarn
- * Elendig studiefinansiering og ditto attendebetalingvilkår
- * Auka arbeidsløyse

NKS tilbyr ikkje frelse, men med DIN hjelp vil vi gjere
vårt for å avsløre og nedkjempe krisespøket.

NKS har ikkje alle svar og løysingar. Du kan vere med på å
finne dei.

Sitt ikkje for deg sjølv i sofaen og fortvil!

Gjer noko med det - meld deg inn i NKS!

KVA GJER NKS?

- * Jobbar i høve til NSU, allmøte og andre viktige studentorgan
- * Arrangerer studiesirklar om marxismen-leninismen
- * Arrangerer Bøllekurs for jenter som vil "kaste seg frampå"
- * Driv fram og deltar i studentaksjonar og andre viktige aksjonar utanfor universitetet og høgskulane
- * Jobbar i solidaritetsorganisasjonar og innanfor andre frontar. Du vil møte NKS'arar mange stader, bl.a. i Kvinnefronten, SOS Rasisme, Norsk Målungdom og internasjonale solidaritetsorganisasjonar
- * Arrangerer opne møte om div. tema på dei ulike lærestadene
- * Sel Klassekampen og litteratur frå stands og på kantinene
- * Gir ut Kva Må Gjerast?, ei gratis studentavis
- * Arrangerer sommarleire, seminar osv.
- * Studerer og diskuterer teori og politikk

Meld deg på ein studiesirkel no,
eller rett og slett: Bli medlem!

- Eg vil vere med på studiesirkel i NKS
- Eg vil vite meir om NKS
- Eg vil bli medlem av NKS

Namn:

Adresse:

Sendast til:
NKS, Gøteborggt. 8, 0566, Oslo 5.
Tlf. (02) 38 42 50

